

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 2494/95

av 23. oktober 1995

om harmoniserte konsumprisindeksar(*)**RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 213,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽²⁾,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske monetære instituttet⁽³⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽⁴⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

I medhald av artikkel 109 J i traktaten skal Kommisjonen og EMI gje melding til Rådet om den framgangen som medlemsstatane har gjort med omsyn til å oppfylle pliktene sine til å gjennomføre Den økonomiske og monetære unionen med sikte på å oppnå ein høg grad av prisstabilitet.

I artikkel 1 i protokollen om dei kriteria for tilnærming som er nemnde i artikkel 109 J i traktaten, er det fastlagt at medlemsstatane skal ha ein varig prisstabilitet som bør vurderast på grunnlag av inflasjonen, som vert rekna ut ved hjelp av konsumprisindeksen på eit grunnlag som kan jamførast, samstundes som det vert teke omsyn til ulikskapar i dei nasjonale definisjonane. Dei noverande konsumprisindeksane vert ikkje utarbeide på eit grunnlag som kan jamførast direkte.

Fellesskapet, særleg skatte- og avgiftsstyresmaktene og dei monetære styresmaktene, må jamleg rå over aktuelle konsumprisindeksar som gjer det mogleg å jamføre inflasjonstakten i makroøkonomisk og internasjonal samanheng, til skilnad frå indeksar for nasjonale og mikroøkonomiske føremål.

Det er allment godteke at inflasjon er eit fenomen som gjer seg gjeldande i alle former for marknadstransaksjonar, medrekna kjøp av kapitalvarer, offentlege innkjøp, lønskostnader og forbrukarkjøp. For å forstå inflasjonsprosessen, både på nasjonalt plan og mellom medlemsstatane, trengst det ei rekkje statistikkar der konsumprisindeksar utgjer ein viktig del.

Det kan utarbeidast konsumprisindeksar som kan jamførast, i staden for eller i tillegg til liknande konsumprisindeksar som medlemsstatane alt har utarbeidd eller skal utarbeide.

Utarbeidinga av konsumprisindeksar som kan jamførast, vil føre med seg kostnader som må fordelast mellom Fellesskapet og medlemsstatane.

I samsvar med nærleiksprinsippet er skipinga av felles statistiske standardar for konsumprisindeksar ei oppgåve som kan utførast effektivt berre på fellesskapsplan, og innsamlinga av data og utarbeidinga av konsumprisindeksar som kan jamførast, skal gjennomførast i kvar medlemsstat av dei organa og institusjonane som har ansvaret for å utarbeide statistikkar på nasjonalt plan.

Med sikte på gjennomføringa av Den økonomiske og monetære unionen er det naudsynt med ein konsumprisindeks som gjeld heile Fellesskapet.

Utvalet for det statistiske programmet (SPC), som vart oppnemnt i medhald av rådsavgjerd 89/382/EØF, Euratom⁽⁵⁾, har gjeve ei positiv fråsegn om utkastet til denne forordninga -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1****Føremål**

Føremålet med denne forordninga er å fastsetje det statistiske grunnlaget som er naudsynt for å kunne rekne ut konsumprisindeksar som kan jamførast på fellesskapsplan.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 257 av 27.10.1995, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 17/98 av 6. mars 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 84 av 6.4.1995, s. 7.

(2) TEF nr. C 249 av 25.9.1995.

(3) Fråsegn gjeven 31. mars 1995 (TEF nr. C 236 av 11.9.1995, s. 11).

(4) TEF nr. C 236 av 11.9.1995, s. 11.

(5) TEF nr. L 181 av 28.6.1989, s. 47.

Artikkel 2**Definisjonar**

I denne forordninga tyder

- a) «harmonisert konsumprisindeks (HKPI)» ein konsumprisindeks som kan jamførast, og som er utarbeidd av kvar medlemsstat,
- b) «europeisk konsumprisindeks (EKPI)» ein konsumprisindeks som er utarbeidd for Fellesskapet av Kommisjonen (Eurostat) på grunnlag av HKPI-ane i medlemsstatane,
- c) «konsumprisindeksen til Den monetære unionen (KPIMU)» ein konsumprisindeks som er utarbeidd av Kommisjonen (Eurostat) innan ramma av Den økonomiske og monetære unionen, på grunnlag av HKPI-ane i dei medlemsstatane som ikkje er gjevne fritak i medhald av artikkel 109 K i traktaten, så lenge det finst slike fritak.

Artikkel 3**Verkeområde**

HKPI skal byggje på prisane på varer og tenester som vert bodne fram til sal på det økonomiske territoriet til medlemsstaten med sikte på å direkte dekkje etterspurnaden frå forbrukarane. Spørsmål som gjeld veving, skal avgjerast av Kommisjonen etter framgangsmåten i artikkel 14.

Artikkel 4**Jamføringskrav**

HKPI-ar skal kunne jamførast dersom dei berre speglar skilnader i prisendringar eller forbruksmønster mellom statane.

HKPI-ar som er ulike fordi det er nytta ulike omgrep, metodar eller ulik praksis ved definerings eller utarbeidinga av dei, skal ikkje kunne jamførast.

Etter framgangsmåten i artikkel 14 skal Kommisjonen (Eurostat) vedta dei reglane som skal følgjast for å nå fram til HKPI-ar som kan jamførast.

Artikkel 5**Tidsplan og unntak**

1. Dei tiltaka som er naudsynte for å nå fram til konsumprisindeksar som kan jamførast, skal gjennomførast i fleire etappar:

a) *Etappe I:*

Innan mars 1996 og med sikte på den meldinga som er nemnd i artikkel 109 J i traktaten («kriterium for økonomisk tilnærming»), skal Kommisjonen (Eurostat) i samarbeid med medlemsstatane utarbeide eit førebels sett med konsumprisindeksar for kvar medlemsstat. Desse indeksane skal fullt ut byggje på dei dataa som er grunnlaget for dei noverande nasjonale konsumprisindeksane, men som skal tilpassast på følgjande måte:

- i) sjølvveigarbustader skal ikkje reknast med,
- ii) helsetenester og utdanningsverksemd skal ikkje reknast med,
- iii) visse andre postar som ikkje er dekte eller vert handsama ulikt i fleire medlemsstatar, skal ikkje reknast med.

b) *Etappe II:*

HKPI skal gjelde frå og med indeksen for januar 1997. Den felles referanseperioden for indeksen skal vere året 1996. Overslaga over prisendringar i dei tolv siste månadene før januar 1997 og i dei påfølgjande månadene skal fastsetjast på grunnlag av indeksane for 1996.

2. På oppmoding frå ein medlemsstat og etter samråd med EMI kan Kommisjonen (Eurostat) eventuelt gje unntak frå føresegnene i nr. 1 for inntil eitt år dersom den aktuelle medlemsstaten må tilpasse det statistiske systemet sitt monaleg for å stette pliktene sine i medhald av denne forordninga.

3. Dei gjennomføringstiltaka for denne forordninga som er naudsynte for at HKPI-ane skal kunne jamførast, og for å sikre at dei frameis er og stadig vert meir pålitelege og aktuelle, skal gjerast etter framgangsmåten i artikkel 14 etter samråd med EMI.

Artikkel 6**Grunnleggjande data**

Dei grunnleggjande dataa skal vere dei prisane og den vevinga av varer og tenester som det må takast omsyn til for at indeksane skal kunne jamførast slik det er fastsett i artikkel 4.

Desse dataa skal stamme frå granskingar av statistiske einingar slik dei er definerte i rådsforordning (EØF) nr. 696/93 av 15. mars 1993 om de statistiske enheter til observasjon og analyse av produksjonssystemet i Fellesskapet⁽¹⁾, eller frå andre kjelder som gjer det mogleg å stette dei krava til jamføring av indeksane som er nemnde i artikkel 4 i denne forordninga.

(¹) TEF nr. L 76 av 30.3.1993, s. 1.

Artikkel 7**Kjelder**

Dei statistiske einingane som medlemsstatane oppmodar om å samarbeide om innsamling eller oversending av prisdata, pliktar å gje løyve til at det vert registrert faktiske prisar, og å oppgje sannferdige og fullstendige opplysningar på oppmodings-tidspunktet.

Artikkel 8**Frekvens**

1. HKPI, EKPI og KPIMU skal utarbeidast kvar månad.
2. Prisane skal samlast inn éin gong i månaden. Dersom mindre hyppig innsamling ikkje er til hinder for at det kan utarbeidast ein HKPI som stettar jamføringskrava i artikkel 4, kan Kommissjonen (Eurostat) tillate unntak frå den månadlege innsamlinga. Denne føresegna skal ikkje vere til hinder for hyppigare prisinnsamling.
3. Veginga i HKPI skal ajourførast så ofte at jamføringskrava i artikkel 4 vert stetta. Dette inneber ikkje noka plikt til å granske familiebudsjetta oftare enn éin gong kvart femte år, bortsett frå for dei medlemsstatane der det etter framgangsmåten i artikkel 14 kan slåast fast at endringane i forbruksmønstra er så store at dei gjer det naudsynt med hyppigare granskingar.

Artikkel 9**Utarbeiding av resultat**

Medlemsstatane skal handsame dei innsamla dataa, slik at dei kan utarbeide HKPI på grunnlag av ein indeks av Laspeyres-typen som omfattar kategoriane i den internasjonale COICOP-klassifikasjonen (klassifikasjon av individuelt konsum etter føremål)⁽¹⁾, som skal tilpassast etter framgangsmåten i artikkel 14 med sikte på å utarbeide HKPI-ar som kan jamførast. Dei metodane, framgangsmåtane og formlane som skal sikre at jamføringskrava vert stetta, skal fastsetjast etter den same framgangsmåten.

Artikkel 10**Oversending av resultat**

Medlemsstatane skal sende HKPI-ane over til Kommissjonen (Eurostat) innan 30 dagar rekna frå utgangen av den kalendermånaden som indeksen gjeld for.

Artikkel 11**Offentleggjing**

HKPI, EKPI, KPIMU og prisindeksar for ei undergruppe av dei kategoriane som er nemnde i artikkel 9 og utvalde etter framgangsmåten i artikkel 14, skal offentliggjervast av Kommissjonen (Eurostat) innan fem vorkedagar rekna frå slutten av det tidsrommet som er nemnt i artikkel 10.

Artikkel 12**Krav til jamføring av data**

På oppmoding skal medlemsstatane sende Kommissjonen (Eurostat) data, m.a. dei dataa som er samla inn i medhald av artikkel 6, som er så detaljerte at det er mogleg å vurdere om dei stettar jamføringskrava i artikkel 4, og kvaliteten av HKPI-ane.

Artikkel 13**Finansiering**

Gjennomføringstiltaka for denne forordninga skal gjerast på ein slik måte at det vert teke størst mogleg omsyn til kostnadseffektiviteten, og på det vilkåret at det ikkje vert naudsynt med større tilleggsressursar i ein medlemsstat, med mindre Kommissjonen (Eurostat) dekkjer to tredelar av tilleggskostnadene fram til slutten av det andre gjennomføringsåret for tiltaka.

Artikkel 14**Framgangsmåte**

1. Kommissjonen skal få hjelp av Utvalet for det statistiske programmet, heretter kalla «utvalet».
2. Representanten for Kommissjonen skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak som skal gjerast. Utvalet skal kome med ei fråsegn om utkastet innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar. Fråsegna skal gjevast med det fleirtalet som artikkel 148 nr. 2 i traktaten fastset for avgjerder som Rådet skal ta etter framlegg frå Kommissjonen. Ved røysting i utvalet skal røystene til representantane for medlemsstatane ha den vekta som den førnemnde artikkelen fastset. Leiaren skal ikkje røyste.

Kommissjonen skal vedta dei planlagde tiltaka dersom dei er i samsvar med fråsegna frå utvalet.

Dersom dei planlagde tiltaka ikkje er i samsvar med fråsegna frå utvalet eller det ikkje er gjeve noka fråsegn, skal Kommissjonen straks gjere framlegg for Rådet om tiltak som skal gjerast. Rådet skal ta avgjerda si med kvalifisert fleirtal.

⁽¹⁾ Offentleggjort av Dei sameinte nasjonane, serie F nr. 2 revisjon 3, tabell 6.1, endra av OECD (DES/NI/86.9), Paris 1986.

Dersom Rådet ikkje har teke noka avgjerd innan tre månader etter at framlegget vart gjort, skal Kommissjonen vedta dei framlagde tiltaka.

Artikkel 15

Kontroll

Innan to år etter at denne forordninga har teke til å gjelde, og på nytt innan to år deretter, skal Kommissjonen (Eurostat) etter samråd med utvalet leggje fram for Rådet ein rapport om dei HKPI-ane som er utarbeidde i medhald av denne forordninga, særleg med omsyn til kor pålitelege dei er, og til om dei stettar jamføringskrava.

I rapportane skal Kommissjonen ta stilling til om framgangsmåten i artikkel 14 tener føremålet, og skal eventuelt gjere framlegg om endringar som han meiner er eigna.

Artikkel 16

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Luxembourg, 23. oktober 1995.

For Rådet

P. SOLBES MIRA

Formann